



NU-kontakt

Meldingblad for Noregs Ungdomslag, nr. 3/2008

Denne sendinga inneheld

- **NU-kontakt**

- **Brosjyrer:**

Kven veit? junior 2009

Kven veit? senior 2009

Folkekulturfestivalen 2009

Norsk Amatørteaterfestival 2009

Hilmarfestivalen 2009

Årsmelding 2007



Teater utan grenser

24.-26. oktober vert det arrangert nasjonal amatørteaterfestival på Stord. Festivalen er ein del av Norsk teaterråd sitt arbeid med å skape større mangfald innan den frivillige scenekunsten. Steinkjerprosjektet med framsyninga "Fullt kaos" representerer Noregs Ungdomslag under festivalen. Den Mangfaldige Scenen i Oslo vitjar festivalen og i tillegg held Teaterrådet i Noregs Ungdomslag styremøte på Stord.

Alle lag, minimumskontingent 50 kr frå og med 2008

Lokallaga fastset kontingenten til sine medlemmer, men den må vere minst 50 kr pr. medlem. Gjennom Forskrift av 29. november 2007 fastsett av Barne- og likestillingsdepartementet med grunnlag i Stortingets årlege budsjettvedtak, er det krav om at medlemskontingenten i barne- og ungdomsorganisasjonar skal vere minimum 50 kroner. Det er difor viktig at alle lokallag har ein medlemskontingent på minst 50 kroner. Dette må dokumenterast til Noregs Ungdomslag gjennom at laget returnerer dei tilsendte medlemslistene.

Søk tilskot til kurs på nett

Folkekulturforbundet minner om at du no kan søke tilskot på nett, på www.folkekultur.no. Vi oppmodar alle som har aktivitet om å melde inn. Har du spørsmål? Ta kontakt med Folkekulturforbundet på telefon 61217750 eller post@folkekultur.no

TV-aksjonen 2008 - 19.oktober

Det er Blå Kors som er mottakar av den store, årlege TV-aksjonen i 2008 (NRK). Midlane frå TV-aksjonen Blå Kors skal gå til ei rad ulike prosjekt i Noreg retta mot born og unge som er ramma av vaksne sin rusmisbruk. Aksjonen skal og bidra til at born utafor Noregs grenser får hjelp gjennom prosjekt blant anna i Ukraina, Brasil, India og Lesotho. Dette er land der rusproblem gjer ein vanskeleg kvardag verre.

- Eg oppfordrar ungdomshus og lagsbruk over heile landet til å engasjere seg innsamlingsdagen søndag 19.oktober. Husa kan vere varme- og matstove for trøytt, slitne, frosne og svoltne bøssebærarar med dans, musikk, teater og anna underhaldning eller innsamlingsbase i bygda/grenda/kommunen, seier Anders Slaatsveen, dagleg leiar i Norske Lagsbruk.

Les meir på www.nrk.no/tvaksjonen/

Fagseminara 2009

Merk deg helga 6.-8.februar for fagseminara neste år. Vi gjentek suksessen og arrangerer seminaret i Bergen. Bergen ul Ervingen er lokal arrangør av seminara. På programmet står teaterkurs, folkedanskurs med temaet "Masurka-ein bygdedans?", bunadkurs med tittelen "Dokker til inspirasjon – om dukker i folkedrakter frå 1700-talet". Landsråd byr mellom anna på kus i lobbyisme, diskusjonar om fylkeslaget si rolle og førebuing av årsmøtesaker.

Nordleik 2009

Ta turen til Lahti i Finland- landet med dei tusen sjøar 30. juni til 5. juli 2009 der temaet for stemnet er vatn. Noregs Ungdomslag oppfordrar dansarar frå heile Noreg til å ta turen neste år. Nordleik er ein møteplass for folkedansarar og –musikarar frå heile Norden Her deltar dei beste saman med dei mange. Det er høg kvalitet på kurs og konsertar, og dette er ein av dei mest sentrale deltakararenaen for norske folkedansarar.

Påmelding til Noregs Ungdomslag innan 31. januar 2009. **Meir informasjon om stemnet og påmelding finn de på www.ungdomslag.no**

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10

Faks 24 14 11 01

post@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17

Pb. 414 Sentrum

0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027

Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no

Songløft på Ungdomshusa

Få prosjektet til ditt lokallag!

“Songløft på Ungdomshusa” er eit prosjekt som i perioden januar 2009 til våren 2010 blir gjennomført i lokallaga til Noregs Ungdomslag. Dette kan ditt Ungdomslag vere med på!

Kva er Songløft på Ungdomshusa?

Laga som deltar i prosjektet skal gjennomføre ein kulturkveld med songen i sentrum. Gjennom NU får de gratis songhefter og midlar til allsongleiar eller musikar.

Korleis kan ditt lag bli med?

På www.ungdomslag.no finn de frå januar 2009 eit enkelt og elektronisk innmeldingssystem for dette prosjektet. Her tingar de hefter, fortel kva de vil gjere og set opp eit enkelt budsjett.

Kva skjer?

8.10	DANSELYST-KURS, Kristiansand
9.10	DANSELYST-KURS, Oslo
12.10	Folkedanskveld, Farande Fant, Oslo
17.10 - 19.10	Dansesamling fro Ungdom (frå 10 år), Lindås og Storkurs Hordaland Ungdomslag, Lindås
18.10	Dansesfest med Oppdal Spelemannslag, Stavanger og Leikfest, Jessheim
19.10	Folkedanskveld med Spelemannslaget De frilynde, Oslo
22.10	DANSELYST-KURS, Bergen
23.10	DANSELYST-KURS, Trondheim
24.10 - 26.10	Dains og Spæll, Bodø og Nasjonal Amatørteaterfestival, Stord
25.10	Rundnuens årlege haustfest, Oslo, Haustleik, BUL-hytta, Lian og Leikfest Gran Gård, Lena
25.10 - 26.10	Mimrehelg om Havleik og førebuing til Nordlek, Molde
26.10	Barnebokkveld og familiefolkedans, Bergen og Folkedanskveld, Oslo
31.10 - 2.11	Første øvingshelg Sans for dans 2009, Manger
1.11	Dansekurs med dansekveld, Trondheim
2.11	Folkedanskveld med Østerdølenes spellmannslag, Oslo
6.11 - 9.11	Hilmarfestivalen, Steinkjer
7.11 - 9.11	Folkedanskurs, Bergen
8.11	Premiere på ”Og så var det ingen” av Agatha Christie, Trondheim og Haustfest, Bergen
8.11 - 9.11	Kurs i nordiske balldansar, Oslo
9.11	Folkedanskveld med Sofienberg spelemannslag, Oslo
15.11	Laurdagsfest med runddans, swing og spas, Oslo
16.11	Folkedanskveld med Bærum spellemannslag, Oslo
22.11 - 23.11	Dansesamling for aktive dansarar og instruktørar, Oslo
23.11	Folkedanskveld med Husk gammeldansorkester, Oslo
30.11	Folkedanskveld med Best for ..., Oslo
6.12	Premiere ”Jul i Throndhjem” av Hallvard Lydvo, Trondheim
11.12	Premiere på ”Kollektivet”, Matineteatret, Sandvika
12.12 - 13.12	Julekonsert Kor e`tonen, Bergen
27.12	Romjulsdans med Vibå spelemannslag, Stavanger
29.12	Romjulsdans, Bergen

2009

4.5 - 10.5	Norsk Amatørteaterfestival, Oslo
30.06 - 5.7	Nordlek 2009 Lahti, Finland
27.7 - 2.8	Folkekulturfestivalen 2009, Hamar

Idèar til gjennomføring:

- Kulturkveld med program som speglar kulturlivet i nærmiljøet. Innslag frå til dømes: kulturskule, leikarring, songkor, dansegruppe, teatergruppe, historielag eller forteljarforening. Kanskje finnes det òg talent innanfor invandarmiljøet?
- Del ut songhefter og oppmod til å lære seg songane. Her kan ein utfordre til dømes skuleklassar, kor, asylmottak, kulturkontoret, lokal bedrift, kulturskulen, husflidslag eller leikarringen. Engasjer ein kordirigent og eit eller fleire band til finalen: kulturkvelden med konsert der alle gruppene syng i eit stort kor.
- Kulturkveld der publikum blir invitert til å lære lokale songtradisjonar i tillegg til songane i heftet. Engasjer songar og musikar til å lære bort og fortelje om visene og deira historie. Kanskje kan nokon frå leikarringen lære bort ein songleik eller songdans?

Sjå fleire tilbod på www.ungdomslag.no
Send oss tips om aktivitetar!

Noregs Ungdomslag

Telefon 24 14 11 10
Faks 24 14 11 01
post@ungdomslag.no

Adresse

Tollbugata 17
Pb. 414 Sentrum
0103 Oslo

Bank: 8101 07 00027
Org.nr: 939 550 550

www.ungdomslag.no